



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Møteprotokoll for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 14.09.2022 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

Frammøtte:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nestleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Karianne Sveen Orvik	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
Knut Erik Engh	kommunal representant
Hildegunn Karin Fiskerstrand	5. vara
Christfried Kaul	sekretær

Forfall:

Bodil Muren Voldsund	Medlem
Karete Malen Nasset	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
André Sæter	1. vara
Mirjam Håland Igland	vara for geistleg representant

Godkjenningar:

Protokoll frå siste møtet (17.08.2022):	godkjent
Innkalling:	godkjent
Saklista for møtet:	lagt til ei orienteringssak, godkjent

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Arkivnr.
S-2022/34		Evaluering av arbeid i Ulstein sokneråd og strategier for val av nytt sokneråd	002.3

Meldingar:

F019 Arbeid med Ulstein nye kyrkje

Planutval for nytt kyrkjebygg har møtet 08.09. for å drøfte framdrift i prosjektet. Det er venta ei ny kostnadsberekning med grunnlag i omprosjekteringane Snøhetta har kome fram til i samarbeid med Conplan og Sporstøl arkitekter. Det vil bli meir orientering i møtet.

Kommentar:

Talmaterialet må fram så fort som råd for å ha moglegheit til å fremje sak om bygging av ny kyrkje i budsjett og økonomiplan for 2023-2026.

Arbeidsvilkår for tilsette, plassbehov og bruksmønster på ei listeført kyrkje er ei stor utfordring og er under det som er krav for arbeidsplassar i offentleg sektor.

Ulstein kyrkje driv eit engasjert arbeid i samfunnet og treng eit hus for å kunne drive dette arbeid i. Det er på tide å få ei avklaring for den nye kyrkja og det er viktig å få saka handsama politisk i år. Soknerådet ønskjer at Planutvalet legg fram resultat av omprosjekteringsprosessen i neste møte.

S020 Starten på haustsemesteret og iverksette tiltak i samarbeid med Ulstein KFUK-KFUM

Det var ein fin start på haustsemesteret med oppstartsgudsteneste og kyrkjekaffe i Saunesparken i samarbeid med Ulstein KFUK-KFUM. Også samtalegudsteneste og konfirmantfest blei gjennomført på ein fin måte og konfirmantane gler seg til konfirmasjonen. Avskjedskonserten for Ståle med kyrjakaffe etterpå var også veldig vellukka. Byggeklossen open barnehage har starta opp igjen med 20 frammøtte barn.

Av tiltaka vi har ønskja å samarbeide med Ulstein KFUK-KFUM om, etter allmøtet på 14. juni har mange ting starta opp allereie:

- matpakketur
- Barnas kyrkje: regelmessige familiegudstenester og ei oversikt over tilbud for barnefamilier på søndagane
- Familieleir: ein komité har starta arbeidet og datoen er satt: 13.-15. januar

S021 Stønad til ungdomar som var på Ten Sing seminar

Det var 5 ungdomar frå Ulstein Ten Sing som tok del på årets Ten Sing seminar på Sunnmøre folkehøgskule. Lucian Guido Bolduan, Linnea Voldsund, Jenny Nygjerde, Sveinung Bjørnson Snipsøyr og Johannes Myrene. Dei har søkt Ulstein sokneråd, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein Ten Sing om stønad. Det er satt av midlar i budsjettet for at soknet kan støtte desse ungdomane med kr. 1000 kvar.

S022 Kyrkjeleg organisering - sak på Kirkemøtet 2022

[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/2022/saksdokumenter/km_10_0_22_kirkelig%20organisering.pdf)

[kirken/kirkemotet/2022/saksdokumenter/km_10_0_22_kirkelig%20organisering.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/2022/saksdokumenter/km_10_0_22_kirkelig%20organisering.pdf)

Sak om ny kyrkjeleg organisering blir tatt opp til handsaming på Kirkemøtet 21.-26. september 2022 i Trondheim. Det sentrale punktet er korleis arbeidsgjevaransvaret skal verte organisert i kyrkja.

Høyringsprosessen viste at Prostifellesrådsmodellen ikkje har funna god tilslutning, men kyrkjerådet ønskjer framleis ei arbeidsgjevarlinje eller ei betre samordning av arbeidsgjevaransvaret enn det er i dag.

S023 Konsertforespurnad fylkesmønstring trekkspel

Ulstein sokn seiar ja til å leige ut Ulstein kyrkje til konsert for fylkesmønstring for trekkspel 21.10. kl. 20.00

Ulsteinvik, 20.09.2022

S-SAK 2022/34 Evaluering av arbeid i Ulstein sokneråd og strategier for val av nytt sokneråd

UTGREIING

Det skal veljast eit nytt sokneråd hausten 2023. Medlemene i Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellestråd har blitt valt i 2019 og sitt i rådet for fire år. Det sitjande rådet er ansvarleg for å gjennomføre valet, men også for nominasjon av kandidatar til det nye rådet.

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellestråd har hatt ansvar for arbeidet i Ulstein sokn og tilført arbeidet nye impuls. Det har vore aktive år med framgang, og med mange utfordringar å meistre. Vi ønskjer å sjå tilbake og evaluere arbeidet som soknerådet har stått for. Også organisering og struktur for arbeidet er eit viktig punkt å reflektere over.

Det å rekruttere eit godt fungerande nytt sokneråd er ein viktig strategisk prosess. Vi vil drøfte korleis vi kan finne gode kandidatar, og legge opp til å ha ein tenleg struktur i rådsarbeidet.

Årsmeldingane for 2019, 2020 og 2021 vitnar om arbeidet i soknet
Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellestråd som alle fekk utdelt da rådsperioden starta er ei rettleiing for å organisere arbeidet i råda.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Det er ei drøftingssak som blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

HANDSAMING

Ved førre val blei nominasjonskomiteen oppnemnt hausten før. Kriteria: kjønn, alder, yrke, krins, mangfald i kyrkja.

Soknerådet drøfta ulike namn som skal utfordrast til å sitje i nominasjonskomité. Nominasjonskomité bør oppnemnast i neste soknerådsmøte.

For å finne kandidatar til neste sokneråd er det viktig å ta ei runde først i sitjande sokneråd for å høyre kven som kan tenkje seg å vere kandidat igjen.

Vi treng å lage oss ein god plan for å informere kandidatar om arbeidet til Ulstein sokn:

- Få eit organisasjonskart / virkeplan over korleis soknet arbeider
- Samvirke mellom råd, frivillige og tilsette
- Korleis fungerer strukturen i den lokale kyrkja?
- Forventningar til kandidatane

Ei evaluering av vårt eige arbeid i soknerådet treng vi å gjere på eit seinare møte der alle medlemene kjem med eit innspel.

- Korleis har mi rolle vore?
- Kva arbeidsområde har eg vore involvert i?
- Kva satsingar frå soknerådet har vi fått gjennomført?
- Kva har eg sakna i arbeidet?
- Korleis sto realiteten å sitje i rådet forhold til forventningar?
- På kva måte kunne soknerådet sitt arbeid organiserast betre enn i dag?

VEDTAK

Ulstein sokneråd oppnemner nominasjonskomité i sitt neste møte.

Ulstein sokneråd legg opp til ei evaluering av sitt arbeid i eit av dei neste møta.